

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 215/2013

2014/EØS/29/03

av 13. desember 2013

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/213/EU av 29. april 2013 om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til godkjenning av nasjonale tiltak for å hindre innføring av østersherpesvirus 1 µar (OsHV-1 µar) til visse område av Irland og Det sameinte kongeriket⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til EØS-avtala kapittel I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32013 D 0213**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/213/EU av 29. april 2013 (EUT L 120 av 1.5.2013, s. 16).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd 2013/213/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. desember 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 13. desember 2013.

For EØS-komiteen

Thórir Ibsen

Formann

⁽¹⁾ TEU L 120 av 1.5.2013, s. 16.

^(*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.